

# Skyssement for grunnskulen

## Stad kommune

---



### SAMMENDRAG

Reglane om skuleskyss for elevar i grunnskulen står i opplæringslova kapittel 7, § 4A-7 og friskulelova § 3-7.

**Harald Sivertsen**

Kommunalsjef oppvekst og opplæring

## Innhald

1	Lovheimel - retningsgivande hovudpunkt .....	2
2	Kven har ansvaret for skyssen? .....	2
2.1	Mellombels skadde/ sjuke elevar .....	3
3	Skyssrett for særskilde elevgrupper .....	3
3.1	Skyss til private grunnskular .....	3
3.2	Vaksne med rett til grunnskuleopplæring .....	3
3.3	Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg på under 2 km/ 4 km.....	3
4	Eleven sin heim .....	5
4.1	Bustad .....	5
4.2	Delt bustad .....	5
5	Eleven sin skule .....	5
6	Skyss til skulefritidsordning - SFO .....	5
7	Innmelding og skysskort .....	5
8	Vedtak og klagerett .....	6
9	Særskilde retningsliner knytt til skyss for grunnskuleelevar i Stad kommune .....	6
	Stadlandet skule .....	7
	Selje skule .....	7
	Flatraket skule .....	7
	Kjølsdalen Montessoriskule .....	8
	Stårheim skule .....	8
	Haugen skule .....	8
	Hjelle skule .....	8
	Skulane på Nordfjordeid .....	8
	<i>Vinterskyss 15. oktober – 15. mars:</i> .....	8
10	Aktuelle lover og regelverk .....	8

## 1 Lovheimel - retningsgivande hovudpunkt

Skyssreglement for grunnskulen i Stad kommune er underordna lov, forskrift og offisielle tolkingsuttaler. Retten til skyss for elevar i friskular, er tilsvarende retten i offentlege skular, jamf friskoleloven § 3-7. Unntaket er at retten berre gjeld innanfor kommunen.

**Kjelde: Opplæringslova § 7-1 og § 7-3**

Elevar i 1. klasse som bur meir enn to kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 2. – 10. klasse er skyssgrensa fire kilometer.

Rimeleg gangavstand til haldeplass/ oppsamlingsplass er inntil ein kilometer for 1. klasse og inntil to kilometer for 2. – 10. klasse.

Akseptabel reisetid – gangtid, ventetid og tid med transportmiddel ein veg er:

- om lag 45 min. for 1. – 4. klasse
- om lag 60 min. for 5. – 7. klasse
- om lag 75 min. for 8. – 10. klasse

Når det er nødvendig, har elevar rett på gratis båttransport utan omsyn til reiselengda. Elevane har i utgangspunktet ikkje rett til skyss til og frå båttransporten.

Elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heim og skule/SFO. Skyssbehovet må vere dokumentert med legeerklæring eller uttale frå behandlande psykolog. Erklæringa må innehalde ei skildring av skyssbehovet (buss, privat bil, drosje) relatert til sjukdommen/funksjonshemminga og kva periode det er nødvendig med skyss.

## 2 Kven har ansvaret for skyssen?

**Kjelde: Opplæringslova § 13-4**

Hovudregelen er at fylkeskommunen er ansvarleg for skyssen. Dei har ansvar for all skyss på grunn av lang skuleveg, funksjonshemming, mellombels skade eller sjukdom.

Kommunen har ansvaret for skyss på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulen som har skuleveg på under 2 km/ 4 km. Kommunen er også ansvarleg for reisefølgje og tilsyn for grunnskuleelevar.

Elevane har ikkje nødvendigvis krav på skyss til og fra sjølve heimen. Det kan vere krav om at eleven går ein rimeleg distanse fram til ein oppsamlingsplass. Den som er ansvarleg for skyssen, må også sørge for at vegen til oppsamlingsplass er forsvarleg.

Fylkeskommunen skal organisere skuleskyssen i samråd med kommunen.

Ansvaret til kommunen omfattar alle elevar som er busette i kommunen.

Ved fastsetting av timeplan og skulerute skal kommunen/ friskulen ta omsyn til skuleskyssen og organiseringa av denne. Det er føremålstenleg at skulane innan kommunen samarbeider om skuleskyssen. Omsyn til økonomiske og rasjonelle skyssløysingar skal vektleggast.

Kommunen/skulane har ansvar for å informere elevar/føresette om gjeldande regelverk i høve skyssrettar.

Om kommunen/ friskulen ønskjer ei betre tilpassing av skuleskyssen enn skyss etter eleven sine rettार i følge opplæringslova, vert kommunen/ friskulen sjølv ansvarleg for meirkostnader ved dette.

### 2.1 Mellombels skadde/ sjuke elevar

Den enkelte skule tingar nødvendig skyss for den perioden det gjeld, der faktura går til Stad kommune. Eleven skal ikkje registrerast i Skyss Elev. Kommunale grunnskular legg dokumentasjon (legeerklæring) i elevmappa, der rådgjevar oppvekst står på kopi. Friskulane sender dokumentasjon (legeerklæring) til Stad kommune ved kommunalsjef for oppvekst og opplæring.

Kommunen sender refusjonskrav til fylket i ettertid.

## 3 Skyssrett for særskilde elevgrupper

### 3.1 Skyss til private grunnskular

**Kjelde: Friskulelova § 3-7**

Elevar ved frittstående grunnskular, som har statsstøtte, får dekkja skuleskyss etter reglane som gjeld for tilsvarande offentlege skular, føresett at skulen ligg innanfor eleven sin heimkommune.

### 3.2 Vaksne med rett til grunnskuleopplæring

**Kjelde: Opplæringslova §§ 4A-7 og 4A-2**

Vaksne som ikkje har fullført grunnskulen, og som bur fire kilometer eller meir frå skulen, har rett til gratis skyss når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4A.

Vaksne som på grunn av funksjonshemming, sjukdom eller skade har behov for det, har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda når dei får grunnskuleopplæring etter kapittel 4A.

Vaksne som treng grunnskuleopplæring for å kunne utvikle og vedlikehalde grunnleggande læring, har rett på gratis skyss.

Vaksne innvandrarar som får tilbod om undervisning i norsk og samfunnskunnskap har ikkje skyssrett. Kommunen må i slike tilfelle vurdere å dekke utgifter ved slik skyss.

### 3.3 Elevar med særleg farleg eller vanskeleg skuleveg på under 2 km/ 4 km

**Kjelde: Retten til skyss Udir-2-2019**

Barn som oppheld seg i trafikken vil alltid vere utsette for ei viss fare. For å få rett til gratis skuleskyss når skulevegen er under 2 km/ 4 km, må det ligge føre ein «særleg risiko». Dette

betyr at trafikutfordringane på vegen er større enn vi kan forvente at eleven meistrar. Ved vurdering av om vegen er særleg farleg eller vanskeleg, må det gjerast ei objektiv og ei subjektiv vurdering.

- **Objektiv vurdering:** Kartlegge alle relevante tilhøve ved vegen og trafikktilhøva og vurdere om dette er «særleg farleg eller vanskeleg».
- **Subjektiv vurdering:** Vurdere om den enkelte elev har føresetnader for å ta seg forsvarleg fram i det aktuelle trafikkbiletet.

#### **Moment i den objektive vurderinga:**

- fartsgrense, trafikktettleik, tilrettelegging for gåande, breidde på vegen, sikt, gangfelt, belysning og vegkryss

Vegtilhøve kan endre seg i ulike årstider (lys/sikt, føre og brøyting). Dette kan føre til at ein elev får ein farleg eller vanskeleg skuleveg delar av året.

Sjølv om den kortaste vegen til skulen er farleg eller vanskeleg, kan det vere andre vegar som ikkje er farlege/vanskelege og som heller ikkje gjer at skulevegen blir så lang at den utløyser rett til skyss. Kommunen kan også velje å sette inn andre tiltak, f.eks. tilsyn, som gjer at vegen ikkje vil vere særleg farleg eller vanskeleg.

#### **Moment i den subjektive vurderinga:**

Barnet sin alder, utvikling, syn og hørsel er døme på moment som kan vere sentrale i denne vurderinga. Spørsmålet er om det er tilhøve ved eleven som gjer at vegen blir særleg farleg eller vanskeleg for denne eleven. Vurderinga vil ha nær samanheng med omsynet til barnet sitt beste etter Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1.

#### **Innhente informasjon og fatte vedtak**

Kommunen vil i dei fleste tilfella ha kompetanse til å vurdere tilhøva ved vegen sjølv. Politiet kan ha relevant informasjon om ulykkesstatistikk og Statens vegvesen kan ha informasjon om trafikktettleik.

Kommunen har ansvar for å fatte enkeltvedtak i tråd med reglane i forvaltningslova ved særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Vedtaket om fri skuleskyss kan påklagast av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Frist for å klage er tre veker rekna frå den dagen eleven får melding om vedtaket. Ei eventuell klage skal sendast til:

Stad kommune  
Kommunalsjef oppvekst og opplæring  
Rådhusvegen 11  
6770 NORDFJORDEID

Kommunen vil då handsame saka på nytt. Dersom vedtaket vert oppretthalde og ikkje gjort om, blir saka sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland som fattar endeleg vedtak.

Klageretten gjeld vedtak om retten til skuleskyss og organiseringa av skuleskyssen. Elevar og føresette har plikt til å gi skulen og kommunen den informasjon som er naudsynt for at det kan bli fatta vedtak om skuleskyss. Dersom eit vedtak er gjort på openbart feil grunnlag, kan kommunen gjere om vedtaket, jf. forvaltningslova sine føresegner.

## 4 Eleven sin heim

**Kjelde: Rundskriv Udir-3-09, pkt. 4**

### 4.1 Bustad

Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Fosterheim, mellombels bustad og avlastningsheim er òg bustad.

### 4.2 Delt bustad

Ved delt bustad, er bustad begge foreldrebustadane. Eit barn har rett på skyss når det ligg føre ein signert avtale av begge føresette der fordelinga av samværet er beskrive. Det er kun samvær etter ein fast, planlagt og regelmessig ordning som gjev rett til skuleskyss frå begge føresette.

Vurdering knytt til forsvarleg reisetid vil kunne avgrense denne retten.

Bur eleven i to kommunar, er det kommunen der eleven er folkeregistrert som har ansvar for eleven og kommunale kostnader knytt til skuleskyss.

## 5 Eleven sin skule

**Kjelde: Opplæringslova § 8-1**

Kommunen avgjer kva skule eleven høyrer til. Elevar soknar i utgangspunktet til den skulen som ligg nærast heimen. Føresette kan likevel søke kommunen om at deira son/dotter skal gå på ein annan skule. Det er kommunen som avgjer om ein elev skal overførast til ein annan skule.

Dette gjeld ikkje for søknad til friskular, jamf § 3-1 i friskolelova.

## 6 Skyss til skulefritidsordning - SFO

**Kjelde: Opplæringslova §§ 7-3 og 13-7**

Elevar har ikkje rett på skyss til/frå SFO. Men elevar som på medisinsk grunnlag (funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom) har behov for skyss, har rett til tilpassa skyss til og frå SFO. Skade/sjukdom må dokumenterast med legeerklæring eller uttale frå behandlande psykolog. Erklæringa må innehalde ei skildring av skyssbehovet (buss, privat bil, drosje) relatert til sjukdommen/funksjonshemminga og kva periode det er nødvendig med skyss.

Retten omfattar ikkje skyss i skuleferiane.

## 7 Innmelding og skysskort

Skulen søker om skuleskyss på vegne av elevane i søknadssystemet til fylkeskommunen innan fastsette fristar. Dersom skulen får nye elevar etter fristen som treng skyss, må skulen søkje om skyss omgåande.

Alle elevar som blir innvilga gratis skuleskyss, og som nyttar offentleg transport, får tildelt eit skulekort for buss (ev andre transportmiddel som båt, ferje). Skulekorta er tilpassa skuleruta og gjeld med følgjande avgrensingar:

- Korta kan nyttast til 2 reiser pr. skuledag med ev. omstiging
- Korta skal ikkje nyttast i helgar og feriar
- Korta gjeld for maksimalt 190 skuledagar

Elevar med skulekort som sluttar, eller av andre grunnar går ut av skyssordninga midt i skuleåret, må levere inn skulekortet til skulen. Skulen melder frå til Skyss Elev om elevar som går ut av skyssordninga.

Når ein elev med skulekort endrar adresse eller byter skule, må skulen sende melding til Skyss Elev.

Ved tap eller feil på kort gjeld følgjande:

- Melding om tapte eller øydelagde kort skal meldast via skulen til Skyss Elev
- Eleven vil få utlevert nytt kort på skulen
- Kort som er meldt tapt blir sperra og kan ikkje brukast seinare

## 8 Vedtak og klagerett

**Kjelde: Forvaltningslova § 28 og opplæringslova § 15-2**

Vedtak om grunnskuleskyss er eit einskildvedtak etter forvaltningslova. Vedtaket om fri skuleskyss kan påklagast av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Frist for å klage er tre veker rekna frå den dagen eleven får melding om vedtaket.

Ei eventuell klage på kommunal skuleskyss (kort, farleg veg) skal sendast til Stad kommune ved kommunalsjef oppvekst og opplæring. Ei eventuell klage på ordinær skuleskyss skal sendast til Vestland fylkeskommune ved Skyss Elev. Kommune/ fylkeskommune vil handsame saka på nytt. Dersom vedtaket vert oppretthalde og ikkje gjort om, blir saka sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland som fattar endeleg vedtak.

Klageretten gjeld vedtak om retten til skuleskyss og organiseringa av skuleskyssen.

Elever og føresette har plikt til å gi skulen og fylkeskommunen den informasjon som er naudsynt for at det kan bli fatta vedtak om skuleskyss. Dersom eit vedtak er gjort på openbart feil grunnlag, kan fylkeskommunen gjere om vedtaket, jf. forvaltningslova sine føresegner.

## 9 Særskilde retningsliner knytt til skyss for grunnskuleelevar i Stad kommune

Alle elevar som kan ha særleg farleg eller vanskeleg skuleveg på under 2 km/ 4 km, bør søkje kommunen om skuleskyss. Kommunen/skulane har ansvar for å informere elevar/føresette om gjeldande regelverk i høve skyssrettar. Det er eit lovkrav om enkeltvedtak knytt til kommunal skuleskyss, og føresette må derfor søkje for sin elev ved skulestart eller når vurderingar kring «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg» vert aktuelle.

Det er ikkje automatikk i å få skuleskyss, sjølv om strekninga er nemnd nedanfor. Det er heller ikkje automatikk i å få avslag på skuleskyss, sjølv om strekninga ikkje er nemnd nedanfor.

Stad kommune gjer ei subjektiv vurdering knytt til den enkelte elev sine føresetnader for å ta seg forsvarleg fram i trafikkbiletet på skuleveg – etter søknad frå føresette. Det skal søkast for kvar elev, der lista nedanfor er retningsgjevande. Dette er ikkje ei uttømande liste for alle som kan ha rett på fri skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Kommunen har ansvar for å fatte enkeltvedtak i tråd med reglane i forvaltningslova ved særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Vedtaket om fri skuleskyss kan påklagast av part eller dei med rettsleg klageinteresse. Frist for å klage er tre veker rekna frå den dagen eleven får melding om vedtaket. Ei eventuell klage skal sendast til:

Stad kommune  
Kommunalsjef oppvekst og opplæring  
Rådhusvegen 11  
6770 NORDFJORDEID

Kommunen vil då handsame saka på nytt. Dersom vedtaket vert oppretthalde og ikkje gjort om, blir saka sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestland som fattar endeleg vedtak.

Stad kommune har følgjande stadar som *retningsgjevande* knytt til objektiv vurdering av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg:

- Elevar i 1. – 10. klasse med skuleveg langs veg med fartsgrense på minst 70 km/t og manglande gang- og sykkelveg kan ha rett til skuleskyss. Dersom det er alternativ skuleveg som er kortare enn grensa for skuleskyss, skal denne nyttast.
- Elevane i 1. klasse har fri skyss når strekninga mellom heim og skule er på meir enn 2 km. Derfor står det ofte frå og med 2. klasse i våre vurderingar.

Stikkord for at følgjande strekningar er vurdert særleg farlege: manglande trafikksikringstiltak knytt til fleire kryssingar av veg, tungtrafikk/ trafikkbelastning, manglande vegskulder, svært smalt, dårleg sikt.

#### Stadlandet skule

- Elevar i 2.-7. klasse frå Fløde
- Elevar i 1.-4. klasse frå Stave

#### Selje skule

- Elevar frå Berge
- Elevar frå Lesto
- Elevar i 1. klasse frå Liseth – under 2 km frå skulen

#### Flatraket skule

- Elevar frå Vengen, Seljenes og første del av Håvika



### Kjølsdalen Montessoriskule

- Elevar som må gå gjennom Erviktunnelen

### Stårheim skule

- Elevar frå Remmedalen
- Elevar frå Torvik/ Indre Røed med adresse Nordfjordvegen
- Elevar frå Høynes/ Ytre Røed med adresse Nordfjordvegen

### Haugen skule

- Elevar frå Engeland
- Elevar frå austsida av Hjelmelandsdalen

### Hjelle skule

- Elevar i 1.- 4. klasse som bur på sørsida av rv.15 frå Alsaker til Hjelle vegkryss
- Elevar frå Vedvika
- Elevar 1.-7 klasse som må gå langs Nordfjordvegen (der det ikkje er gangveg), til dømes elevar på Nes
- Elever i 1-4. klasse som må gå langs Norsvegen (der det ikkje er gangveg)

### Skulane på Nordfjordeid

- Elevar frå Taklo
- Elevar frå Rotihaugen
- Elevar frå Bjørlo og Roti

### *Vinterskyss 15. oktober – 15. mars:*

- Elevar som bur ovanfor Hauebrua i Kjølsdalen
- Elevar frå Stårheimsæter
- Elevar frå vestsida av Hjelmelandsdalen som bur meir enn 2 km frå skulen
- Elevar frå Rindane (Hjelle skule)
- Elevar i 5.-7. klasse langs Norsvegen (der det ikkje er gangveg)

## **10 Aktuelle lover og regelverk**

Forvaltningslova

Lov om frittstående skolar (friskolelova)

Opplæringslova med forskrifter og rundskriv

Skyssreglement for grunnskule i Vestland fylkeskommune – Vedteke i fylkesutvalet 14.02.20 (PS 29/2020)

Økonomiforskrift til friskolelova